

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Ulvik 01.09.2014

Høyringsuttale om endring av lov om stadnamn.

Ulvik Mållag meiner det er bra at skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk, fordi dei er stadnamn og med interesse for alle. Derimot meiner vi det er svært uheldig at departementet føreslår å endra lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å fastsetja skrivemåten av bruksnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn.

Rett nok må grunneigar dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk, men ” Det skal ikkje stillast strenge krav til dokumentasjon” og namnet skal kunna vedtakast utan lokal høyring. Slik vil Kulturdepartementet leggja meir vekt på synsmåtane til grunneigarar og mindre vekt på omsynet til fellesskapen og kulturvernet.

Ulvik Mållag ser fleire uheldige konsekvensar at dette framlegget og har desse utdjupande merknadene til framlegget:

Forvaltninga av stadnamnarven vår er ei svært viktig sak. Hovudgrunnlaget for oss er stadnamna som verneverdige kulturminne, slik det også er uttrykt i førearbeida til lova. Det som gjer stadnamna særleg verneverdige, er dei nedervde lokale uttaleformene som er siste lekken i ein ubrotten samanheng attende til den tida namna voks fram. Skrifttradisjonen er i så måte oftast mykje meir tilfeldig. Særleg er skriftformer frå 16-, 17- og (tidleg) 1800-tal tvilsame, og kan ikkje tilleggjast på langt nær same kulturelle verdi som dei nedervde, lokale uttaleformene.

For å halda oppe kulturminneverdien i stadnamntilfanget vårt, er det difor viktig å få fastsett skrivemåtar som byggjer direkte på nedervd lokal uttale, opphav og gjeldande moderne rettskriving. Den munnlege traderinga mellom generasjonane er svekt i vår tid, og namna vert i stadig sterkare grad lærde etter skrifta, frå kart, skilt og andre kjelder. Dei skriftformene som vert fastsette til offentleg bruk, vil dermed verta grunnlaget også for dei munnlege formene som vil leva i framtida. Dette er eit område der vi faktisk har stor sjanse til å lukkast i å styra språkutviklinga i den leia vi ønskjer.

Den motsetnaden som det stundom vert sagt skal finnast mellom kulturverdien til namna og den praktiske adressefunksjonen, meiner vi i all hovudsak er oppkonstruert. Når ei tradisjonell namneform har greidd å overleva fram til vår tid, har ho også synt seg praktisk dugande. Nedervde namn og skrivemåtar som byggjer på nedervde uttaleformer, vil i dei fleste høve vera betre eigna enn nykonstruksjonar.

Endringane som er føreslegne kan skapa forvirring og rot med mange ulike skrivemåtar av bruksnamn med opphav i same gardsnamn, t.d. Vik, Wiik, Vig, Vigh osv. Det at brukaren skal avgjera namnet på bruket, kan føra til at eit bruk får endra skrivemåte frå ein generasjon til neste.

Ulvik Mållag ser positivt på at lova no vil at grunneigaren eller festaren straks skal få tilsendt språkfagleg tilråding, slik at han får direkte innsyn i dei momenta som har kome fram i høyringsrunden, og som kan styrkja eller endra oppfatninga hans.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Ulvik Mållag meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Me ber difor Stortinget om ikkje å gjera endringar i kven som

skal forvalta skrivemåten til stadnamna i stadnamnlova, og framleis lata det vera samfunnet sitt ansvar, ikkje den einkilde brukseigar.

Helsing

Ulvik Mållag

Hildeborg Dalaker

Hildeborg Dalaker, leiar